



Frå starten blant dei yngste i fjor.

På radioen i dag kunne meterologane fortelja om fint ver komande laurdag. Det lovar godt for Spar-løpet som i fjor var reine folkefesten i strålende ver med over 180 deltakarar og mykje publikum. Festen vert komplett ved at både publikum og deltakarar kan ta turen innom Oska som har kafè for anledningen.

Spar-løpet har start og mål på Sanda-kaien. Løpet har forskjellige løpslengder etter kva aldersklasse ein er i, og alt føregår i sentrumsområde slik at det er lett for publikum å følgja med på utviklinga i løpa.

Spar-løpet er blitt svært populært, og det er ikkje utan grunn. Dei flotte løypene og det gode arrangementet er ein ting. Ein annan ting er den flotte premieringa. Den lokale Spar-butikken stiller nemleg med forundringspremiar til alle som er med, noko som både arrangør og deltakarar synest er veldig kjekt og spennande.

Det blir i tillegg premiering til born 0-9 år.

Alle frå 10 år er automatisk med i terrengløpskarusellen og samlar poeng i alle løpa som dei deltar i. Det er karusellpremie til alle som har delteke på 3 eller 4 av dei fire løpa som er med terrengløpskarusellen.

Roy Lervåg opnar kafè for anledningen, og han byr på både kaffi, kaker og anna godt å kosa seg med. Om ein ønskjer å slappa av inne eller ute på den flotte terrassen, vel ein sjølv. Kafèen opnar kl.12.

Det vert nok ein koseleg laurdag på Sandakaien. Arrangørane håpar at flest mogeleg av deltakarane melder seg på på førehand. Det kan dei gjera [HER](#).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland